

Overnatting

Hellisøy fyr

55 99 00 61 / Booking@fedjeisland.no

Mogeleg å leige fyrvakterboligen til overnatting og få omvisning i fyrtårnet. FB og instagram: @Hellisøyfyr. Heimeside: Fedjeisland.no

Fedje fiske og bo

95 89 96 67 / 99 64 65 14

Toregismervik@gmail.com / Hanne_mia@hotmail.com
Hus med 6 soverom og 15 sengeplassar, og bubilparkering med tilgang til vatn og straum etter avtale.
Facebook: Fedje fiske og bo, Heimeside: fedjefiskeogbo.com

Fedje havstover

92 08 51 55 / 40 87 55 16 / Fedjehavstove@gmail.com
Fire moderne hytter på 50 kvm. 2 soverom, til saman 4-5 sengeplassar. Gode fiskemogelegheiter frå hyttene.

Vesthav gjestestove

95 96 69 81 / Arildkarlsen@hotmail.com
Hytte med 4 soverom. Facebook: Vesthav utleige

KNA-huset

41 50 19 57 / Hknetland@gmail.com
Hytte med 5 soverom, 12 senger. Mogleg å leige båt.
Booking per e-post.
Heimeside: kna.no/kna-bergens-hytte-pa-fedje

Sankeren

97081677 / 91101566 / Mathusa@online.no
Løa: leilighet med 6 sengeplasser. Privathus: tre enkeltrom med 2 sengeplassar. Moglegheit for bestilling av mat.
Airbnb: «Sankerens Løe»

Annekset i hamna

92 68 81 16 / Tonesaevi@gmail.com
Koseleg anneks i hamna, passande for par/liten familie.
Airbnb: «Spesielt og velutstyrt anneks ved havna på Fedje»

M/S Gamle Kvalstein

55 99 00 61 / Booking@fedjeisland.no
Opplev overnatting om bord i ei historisk fiskeskøyte. 5 lugarer, 9 voksne og 2 barn, og alle fasilitetar ein treng for ein ugløymeleg oppleving.
FB og Instagram: @Fedjeisland. Heimeside: Fedjeisland.no

Overnatting

Fedje Ferietun

90 87 02 76 - Niclas.mjelstad@outlook.com

Overnatting for inntil ti personar. Oppstilling for fire bubilar med tilgang til badarom, vatn og straum. Stor uteplass. Facebook: Fedje Ferietun

Fabrikk nr 8

55 99 00 61 / Booking@fedjeisland.no

Bubilparkering og gjestebrygge, begge med tilgang til straum og vatn, samt utleige av leiligheter. Det er ikkje mogeleg å bestille plass til bubil eller båt i forkant. FB og Instagram: @Fedjeisland. Heimeside: Fedjeisland.no

Stormark Grendahus

48 02 44 07 / Catostor@hotmail.com
5 sengeplasser, 2 soverom og gode oppholdsrom.

Landsbykafeen

55 99 00 61 / Booking@fedjeisland.no
4 fine rom med felles bad og studioleilighet.
FB og Instagram @fedjeisland. Heimeside: Fedjeisland.no

Aktiv ferie

Sykkelutleige Syklar kan hentast og returnerast utanfor Fedje Landhandleri. Vipps etter bruk til 701225 (Fedje Ferietun). For spørsmål kontakt Niclas Mjelstad på 90870276.

Nordsjøløypa Tre stiar som tek deg gjennom kultur og naturhistoria på Fedje. Sjå kart på ut.no.

Aurihopen Dagsturhytte Perfekt stad for piknik på fine dagar. Ligg skjerma til, med storhavet som næraste nabo. Spanande natur å utforske, med mogelegheit for bading.

Badestranda På badeplassen ved Husavatnet er det strand, plattingar, flytebrygge med meir. Toalett, grill og boss på området.

Fedje sjøtrafikksentral, Vidnappen Ta turen til takterrassen på trafikksentralen for 360 graders utsikt mot både fastlandet og havet.

Øyane Eit eller to steinkast nord for Fedje finn du «Øyane», eit lite øyrike som berre ventar på å bli utforska. Flott for båt eller kajakkstur.

Fedjebjørn Opplev ein ugløymeleg «topptur» til Fedjebjørn med sine stolte 41,9 moh: det nest lågaste høgaste punktet i nokon norsk kommune!

FEDJE

Landsbyen i havet



Fedje har sidan 1600-talet vore gjestgjevarstad, og framleis tek vi imot tilreisande med opne armar og god mat og drikke. **Velkomen til havs!**



Prøvebu Fedje!

No kan du søkje om å prøvebu Fedje kostnadsfritt for ei helg.



Turistinformasjon

www.destinationfedje.no
(+47) 909 77 203
fedjelandhandlerias@gmail.com
Facebook: Fedje Landhandleri

Mat, drikke, og handel

Pernille

55 99 00 61 / Booking@fedjeisland.no
Koseleg kafè og lokalpub med uteservering.
Facebook: @Pernillekafeen. Heimeside: Fedjeisland.no

Landsbykaféen

55 99 00 61 / Booking@fedjeisland.no
Uteservering på fine dagar.
Facebook: @Landsbykafeen. Heimeside: Fedjeisland.no

Fabrikk nr 8

Servering av enkel mat og god drikke frå ein sjarmerande
«Foodtruck» i sommar. FB & Instagram: @Fedjeisland.
Heimeside: Fedjeisland.no

Matkroken Fedje

56 16 43 00 / Fedje.matkroken@coop.no
Daglegvareforretning, miniapotek, utstyr for fiske- og båtliv,
interiør m.m.

Fedje Landhandleri

90 97 72 03 / Fedjelandhandlerias@gmail.com
Gamaldags landhandel med sal av blant anna is, mat og drikke,
kioskvarer, suvenirar, gåver, leiker, jernvarer, fiskeredskap, samt
kunst frå lokale kunstnarar.

Her finn du og Fedje Turistinformasjon

Opningstider: Laurdag og søndag 12-15
I skuleferien: Måndag - søndag 12-18.
Facebook: Fedje Landhandleri

Tenester

Legekantor og legevakt

56 16 40 31 / 116 117
Ring 113 om liv og helse er trua.

Fedje Taxi

90 05 86 95 / Fedjetaxi@gmail.com
Moglegheit for bestilling av femsetar og minibuss.

Drivstoff

Diesel og bensin for bil og båt, samt straum til el-bil.
Plassert ved fergekaaien.

Ferga M/F Fedjebjørn

41 53 63 19
For rutetider, sjå skyss.no eller fjord1.no

Opplevingar

Feddie Ocean Distillery

55 99 00 61 / Booking@fedjeisland.no
Omvisning i Feddie sitt distilleri og smaking av produkt.
FB & Instagram: @Fedjeisland. Heimeside: Fedjeisland.no

Ribtur

55 99 00 61 / Booking@fedjeisland.no
Tur med ribbåt rundt Fedje og omvisning i Hellisøy Fyr.
FB & Instagram: @fedjeisland. Heimeside: fedjeisland.no

Kurt Rongevær havfisketur

90 01 92 69 / Rongronge@hotmail.com
Fisketur til havs i sjark med lokalkjend fiskeguide.
Favebook: Kurt Rongevær

Fedje fiske og bo

95 89 96 67 / 99 64 65 14
Toregismervik@gmail.com / Hanne_mia@hotmail.com
Erfarne fiskeguider tilbyr havfiskeopplevingar og overnatting med
base på Moldøyna.
FB: Fedje Fiske og Bo. Heimeside: Fedjefiskeogbo.com

Strikkebua

95 81 36 20 / 90 66 98 31
Her finn ein heimestrikka og heimesyddde plagg, samt sal av garn.

Båtutleige

90 18 30 33 / Bjmoldoy@start.no

Nordhordland Adventures

91 86 56 67 / Post@nordhordlandadventures.no
Opplevingsturar i Nordhordland for grupper.



Historiske Fedje

Av norrønt feð, som betyr «beite».

Fedje er ein øykommune i Nordhordland som blei etablert i 1847 då den vart utskilt frå Austrheim. Før det vart Austrheim, inkludert Fedje, utskilt frå Lindås i 1910. Navnet Fedje skrives Fediom i 1405, Fedhiar i 1427, Fiet i 1520, Fedie i 1563, og Fædie i 1723, av norrønt feð og kan tolkast som «Beiteøyene». Kommunen består av ei hovedøy og over 100 småøyer og holmer, og har rundt 500 innbyggjarar. Naturen på Fedje er kjenneteikna av lite skog og eit forblåst landskap. Hovednæringa har historisk sett vore fiskeri, og man er avhengig av Ferje eller båt for å komme seg til øya.

Fedje Krigsminne, Vidnappen

Fedje var strategisk viktig for tyskarane under 2.verdenskrig. Restane av forsvarsanlegga finn du i og kring Vidnappen. I havet ligg minst to ubåtar frå krigen, U-864 og U-486. Ubåten U-864 er lasta med kvikksølv, og diskusjonen om heving eller tildekkjing av vraket har pågått i mange år. Ein ny rapport om moglege framgangsmåtar for dette skal etter planen vere klar i løpet av 2022.

Fedje kyrkjestad

Sidan 1600-talet har det stått tre tidlegare kyrkjebygg på same plassen som ein finn dagens kyrkje. Kyrkja vart vigsla i 1941, og har ca 400 sitjeplassar.

Hellisøy fyr

Freda fyrstasjon frå 1855. Fyret er Noregs nest eldste støypejernstårn, og står på ein granittsokkel. Fyret er 32,3 meter høg. Tårnet er rødmalt med to kvite belter. Som sikring mot bølgeslag er tårnet fora med teglstein, og det to nederste etasjane er fylt med naturstein.

Holmengrå fyr

Kystfyr frå 1892, med ei isolert og vêrhard plassering. Idyll på stille dagar. NB! Fyrbygga er ikkje opne for publikum.

Kremmarholmen

Restaurert og verna gjestgjevarstad som kan sporast i kjelder attende til 1658. NB! Kremmarholmen er i dag i privat eige.